



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Arild Spissøy, 5557 2198

Vår dato
18.01.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/11750 520
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

2016/11750 Rapport forvaltningskontroll Meland kommune

Fylkesmannen sender med dette endeleg rapport etter kontroll av kommunen si forvaltning av midlar til landbruk.

Kontrollen vart gjennomført med besøk hos kommunen 10.11.2016, og ved kontroll av tilskot til avløysing ferie og fritid i oktober 2016.

Tilstades på den stadlege kontrollen:

For Fylkesmannen (FM):

Arild Spissøy – kontolleiar,

Kari Beate Mostad – sakshandsamar Spesielle miljøtiltak i landbruket, og

Rune Johan Mikkelsen – sakshandsamar skogbruksmidlar.

For kommunen:

Laila Bjørge – landbrukssjef

Marius Flemmen Knudsen – skog- og miljøkonsulent

Anny Bastesen – sektorleiar teknisk

Silje Anette Lyhammer utførte kontrollen av avløysarordningane.

Samandrag:

Fylkesmannen finn at Meland kommune har svært god struktur og god orden på handsaminga av dei kontrollerte ordningane. Fylkesmannen fann to merknader og eit avvik i forhold til god forvaltningspraksis.

Ordningar som vart kontrollert:

Tilskot avløysing ferie og fritid

Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Skogordningar – alle ordningar som kommunen forvaltar, sjå lenger bak for dei einskilde ordningane.

Formålet med kontrollen

Kommunane sine oppgåver knytt til forvaltninga av tilskotta går fram av forskrift/rundskriv for dei ulike ordningane. Dette må sjåast på som instruksjon som kommunane er ansvarlig for

å følge. Det er kommunenes etterfølging av desse instruksjonane som er gjenstand for FM sin forvaltningskontroll. (Rundskriv 3/12 frå SLF (Landbruksdirektoratet))

Grunnlaget for kontrollen:

Økonomireglementet i staten stiller krav om kontroll; § 15: "Overordnet myndighet skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14."

I tillegg inngår Forvaltningslova og gjeldande forskrifter for dei kontrollerte ordningane som grunnlag for kontrollen.

Kontrollens omfang og dokumentasjon

Kontrollen omfatta saker frå 2016 og nokre år tilbake i tid. Omfanget var noko ulikt frå ordning til ordning, etter som kva fagpersonane fann hensiktsmessig. Kontrollen vart gjennomført ved at FM gjekk gjennom søknader, vedtak og underlagsmateriale i form av bilag, kart m.m. i sakene Fylkesmannen sin sakshandsamar kontrollerte. All dokumentasjon var tilgjengeleg i fagsystem og/eller på papir. Kommunen sin sakshandsamar vart intervjua om rutinar og vurderingar. Det vart lagt opp til at kontrollen samstundes var ein arena for erfarsingsutveksling mellom kommunen og Fylkesmannen der ein kunne dele «god praksis».

Forvaltninga i kommunen

Forvaltninga av dei kontrollerte ordningane i Meland kommune vert gjort av Laila Bjørge og Marius Flemmen Knudsen. Anny Bastesen er sektorleiar. Bjørge og Flemmen Knudsen har delt ansvaret mellom seg på ulike ordningar: Bjørge har SMIL og avløysing ferie og fritid, Flemmen Knudsen har skogordningar.

Dei kontrollerte ordningane

Smil ordninga:

Fylkesmannen såg på søknadar for perioden 2016, 2015, 2014 og 2013, med fokus på ikkje-avslutta prosjekt. Det er 49 pågående prosjekt i kommunen, og dermed stor aktivitet på SMIL området. Tilskot til SMIL dei siste tre åra er til saman kroner 580 000. Alle dokumenta var tilgjengelege på papir, eller vart henta på oppfordring. Tiltaksstrategi for lokale prioriteringar var oppdatert og tilgjengeleg.

Vi finn at Meland kommune generelt har svært god struktur og god orden på handsaminga av SMIL-prosjekt i kommunen. Det er fast søknadsfrist som vert offentleggjort kvart år, det vert gjort rutinemessig synfaring på alle aktuelle prosjekt det vert søkt om. Alle søkerane får eit førebels svar på søknaden med informasjon om når svar er forventa. Det er gjennomført eit godt system for å halde orden på prosjekt med utgåande søknadsfrist, og det vert sendt varsel om arbeidsfristar. Kommunen er tydelege på kva rapportering dei ynskjer på prosjekta, og har utarbeidd eit eige skjema for dette.

Likevel er det 3 element i kommunen si sakshandsaming vi ser at kommunen kan verte enda betre på:

- 1) I vedtaksbreva vert det det gjort ei vurdering i høve Naturmangfaldlova §§ 9-12. Vi ønsker at det kjem tydelegare fram kva som er kunnskapsgrunnlaget for vurderinga, gjerne gjennom dokumentasjon. Der det er trong for særskilte omsyn skal dette konkretiserast.
- 2) Meland kommune har mange beite- og gjerde prosjekt. I vurderingane i sakshandsaminga bør kommunen grunngje tydelegare at tildelinga er i tråd med formålet med ordninga, som er

å fremme natur og kulturminneverdiane i jordbruks kulturlandskap og å redusere ureining, utover det som vert forventa i vanleg jordbruksdrift.

3) Dokument for utbetaling av tilskot, er unndratt offentleg innsyn. Sakshandsaming i SMIL er offentleg og skal ikkje unndras offentlighet.

Fylkesmannen vurderer punkt 1 og 2 til å vere merknader og punkt 3 til å vere avvik frå god forvaltningspraksis.

Skogordningar:

Landbruksveger

I perioden 2014 og 2015 har Meland kommune sakhandsama 1 landbruksveg. Saka er kontrollert. I 2016 har kommunen handsama fleire landbruksvegar. Under forvaltingskontrollen var desse sakene lest igjennom, sjølv om året 2016 ikkje er ein del av kontrollen. Med bakgrunn i desse sakene har Meland kommune særskilt gode rutinar for handsamling av søknader om bygging av landbruksvegar. All relevant informasjon og 3 dokumenter er korrekt journalført. Kommunen har gode landbruksfaglege vurderingar i vefsakene, søknadene vert sendt på høyring og heimel til korrekt gjeldande regelverk.

Funn

Ingen funn.

Registrering av landbruksveger i ØKS

Meland kommune har registrert landbruksvegane i ØKS, jf. krav i landbruksvegforskrifta.

Funn

Ingen

Tilskot til skogsvegar

Meland kommune har i 2016 ført rekneskap for ein skogsveg. Sjølv om året 2016 ikkje var ein del av kontrollen, ønskjer fylkesmannen å kommentere at regnskapet er ført i tråd med gjeldande rutinar for tilskot.

Funn

Ingen

Skogfond og tilskot til skogkultur (NMSK)

Meland kommune har ført refusjonskrav skogfond for samla kostnader 101 675,- kr i 2014 og 2015. I perioden er der utbetalte 4 800,- kr som tilskot. Alle sakene er kontrollert. Kommunen har journalført alle søknadene om utbetaling av skogfond og tilskot, dei er underteikna av skogeigarane samt vedlagt bilag og elektronisk kvittering refusjonskrav. Kvittering for refusjonskrav er sendt skogeigarane, der kvitteringa er enkeltvedtak.

Funn

Ingen

Retningslinjer NMSK

Meland kommune har utarbeidd Retningslinjer for bruk av midlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). Retningslinene vert stadfesta av politikarane i april 2016.

Funn
Ingen

Tilskot til avløysing ved ferie og fritid

Tilskott til avløysing ved ferie og fritid vart kontrollert ved at Fylkesmannen sendte brev til føretaka som Meland kommune trekte ut til stadleg kontroll etter søknadsomgangen januar 2016.

Fylkesmannen bad føretaka som hadde hatt stadleg kontroll om å senda oss dokumentasjon på avløysarutgifter i 2015. Deretter kontrollerte vi desse mot sum oppført i søknad om produksjonstilskot i januar 2016. Vi kontrollerte totalt tre føretak.

All dokumentasjon vart sendt inn til oss innan oppgjeven frist.

Sum utgifter til avløysing ved ferie og fritid ført i søknad om produksjonstilskot stemte overeins med dokumentasjon som vart sendt over for alle føretaka. Det vart såleis ikkje gjort nokre funn som tyder på uregelrett forvaltning.

Tilbakemelding/oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen melder tilbake om at rapporten er motteken, og at ein kort gjer greie for korleis ein vil rette avviket som vart påpeika. Frist for tilbakemelding er 01.02.2017.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Arild Spissøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.